SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Næringsavdelinga

Sakshandsamar:
Ingeborg Lysne Mcevoy
E-post: Ingeborg.Lysne.Mcevoy@sfj.no
Tlf.: 57638173

Vår ref.
Sak nr.: 16/760-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
3043/16

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 26.01.2016

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Rapport 2015 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane

Innleiing

Det vert synt til tildelingsbrev datert 24.06.2015 frå Landbruks- og matdepartementet der Sogn og Fjordane vart tildelt kr. 1 600 000 til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Fylkeskommunen skal rapportere på bruk av midlane innan 1. februar 2016.

Organisering og bruk av midlane 2015

Det vert årleg utarbeida ein plan for satsinga på rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane. Planen skal fungere som ein handlingsplan for nasjonale føringar og regionale planar og seier litt om bruk og fordeling av midlane. Planen skal sikre god regional samhandling og at tiltaka som midlane vert løyvd til er med på å nå regionale og nasjonale målsetningar om auka matproduksjon. Det vert vidare vist til vedlagt plan for Sogn og Fjordane som viser detaljane for 2015.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fordelt det statlege tilskotet knytt til tiltak innan rekruttering og kompetanseheving som vist i tabellen under. I tillegg til kr.1 600 000 som fylket fekk tildelt for 2015 var det att kr. 200 000 frå tidlegare tildelingar som ikkje var nytta, enten fordi planlagde tiltak er avlyst eller at dei har blitt billigare enn budsjettert. Fylkeskommunen har difor tildelt kr. 1 800 000 i 2015.

Tiltak	**Kroner**
Agronomutdanning for vaksne (nettbasert og samlingar)	600 000
Kompetanseutviklingskurs – korte kurs	450 000
Utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving	750 000
Sum til fordeling	**1 800 000**

Dei korte kursa skal sikre og utvikle kompetansen blant eksisterande næringsutøvarar. Vi prioriterer midlar til kurs som er relevante for våre hovudområde for produksjon: mjølk, kjøtt, frukt og bær. Elles har vi tildelt midlar til kurs innan sikkerheitsopplæring for bønder og til skogfaglege kurs.

Fylkeskommunen har vidareført løyvinga til eitt større tiltak: agronomutdanning for vaksne i regi av Mo og Øyrane vidaregåande skule. Dette er eitt av dei viktigaste tiltaka i planen for å sikre rett kompetanse for dei som er på veg inn i næringa, og medverke til å oppretthalde og helst auke matproduksjonen i Sogn og Fjordane.

Mange av dei som tek over gard i dag har enten ei naturbruksutdanning som treng påfyll av oppdatert kompetanse, eller dei har ikkje agronomfagleg bakgrunn og har difor trong for å skaffe seg dette. Tilbodet vert etter kvart meir kjend og difor meir etterspurd, i 2015 vart det tatt opp 18 nye elevar og 13 nye vaksne fekk utskrive vitnemål som agronom våren 2015.

Ein del av midlane er sett av til meir langsiktige utviklingsprosjekt. Dette er meir generelle utviklingsprosjekt der planen definerer målgrupper, men prosjekta må rette seg mot rekrutteringsprosjekt eller særskilte kompetansehevingsprosjekt.

Midlane til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane vart lyst ut i to omgangar i 2015. Midlar sett av til korte kurs vart lyst ut med søknadsfrist på våren for å sikre eit kurstilbod på hausten og utover vinteren. Etter at tildelinga på våren var gjennomført var det att midlar og det vart difor lyst ut midlar til korte kurs i tillegg til midlar til langsiktige prosjekt i andre utlysing. På denne måten sikra vi at alle midlane vart tildelt til gode tiltak. Midlane til utviklingsprosjekt og korte kurs vart lyst ut om sommaren med søknadsfrist hausten 2015.

Samhandling

Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane er tett knytt opp til Regional bygdeutviklingsstrategi. Såleis sikrar vi god samhandling mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Planen er utarbeida og revidert i eit samarbeid mellom næringsavdelinga i fylkeskommunen, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si landbruksavdeling og representantar frå bondelaget, bonde- og småbrukarlaget og skogeigarlaget. Arbeidsgruppa har kome med innspel til planen og vore med på evalueringsmøte gjennom året. I tillegg har arbeidsgruppa vore med å gjeve innspel til tilråding av midlar. Innovasjon Norge er ein samtalepart ved høve der det kan vere nyttig.

Den årlege planen vert politisk handsama og er forankra hjå hovudutvalet for næring og kultur. I tillegg til planen får utvalet førelagt oversyn over tildelte midlar og rapporten til Landbruks- og moderniseringsdepartementet om bruk av midlane.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring

Ingeborg Lysne Mcevoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Oversyn over tiltak som har fått tildeling i 2015
Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015

Mottakar (ar)
Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep. 0030 OSLO

Kopi til:
Knut Grinde, OA